

Bærum Mållag - årsmelding 2011

Styremedlemer i Bærum Mållag 2011 :

I alfabetisk rekkefølge:

Hilde Rognlien Johansen (2010-2012)

Margit Løyland (2011-2013)

Tone Rossow (2011-2013)

Idun Stokka (2010-2012)

John Sundsby (2010-2012) kasserar og nettansvarleg

Audgunn Oltedal og Marit Hovdenak har vore aktivt med i styret i samband med førebuing til jubileumsåret 2012.

Varafolk (valde for eit år):

Asgeir Bø

Inger Gjerpe

Astrid Ramnefjell

Per-Ivar Vaagland

Valnemnd: Marit Hovdenak og Inger Vederhus (2011-2012), supplert med Øystein Tormodsgard .

Revisor: Kari Bardølsgård (2011-2012)

Styret har hatt fem styremøte, arrangert årsmøte og åremålsfest 7. mars, delteke aktivt under byfesten i Sandvika i august og markert den europeiske språkdagen 26. september.

Medlemstal: Det har vore 50 betalande medlemer i laget i 2011..

Generelt om arbeidet:

Målet for arbeidet i Bærum Mållag er å halda ved like og styrkje stillinga til nynorsken i Bærum. Dette er ein del av eit allment langsiktig kulturarbeid som vektlegg språk og identitet. I samband med hundreårsjubileet i 2012 ønskjer vi å skapa blest om mållaget og nynorsken i Bærum.

Årsmøtet 2011:

Vi hadde årsmøte og åremålsfeiring 7. mars i Røde Kors-huset i Sandvika.

Styremøte i 2011:

31. januar 2011

23. mai 2011

14. juni 2011

3. oktober 2011

7. november 2011

Åremålsfest:

Åremålsfesten vart feira på Røde Kors-huset i Sandvika 7. mars før sjølvje årsmøtet vart halde.

Det vart servert trøndersodd med flatbrød, kaffi og kaker.

Torild Skard kåserte om tre generasjonar kvinner og målsak i Bærum. Audgunn Oltedal var ordstyrar og intervjuar Inger Nordal, Astrid Ramnefjell og Hilde Rognlien Johansen om mållaget i Bærum då dei var barn.

Byfest:

Laurdag 27. august var vi med på Sandvika byfest for sjette gong. Språkbua vår stod i gågata ned mot jernbanen. Vi hadde eit godt og variert program: Håvard Øvregård, leiar i Noregs Mållag heldt appell om språkleg mangfald. Torill Opsahl som er språkforskar ved Universitetet i Oslo, kåserte om multietnisk ungdomsspråk i Oslo. Arne Torp dialektsekka tilhøyrarane, og Trine Hamre Bendixen, kultursjef i Bærum, fortalde om korleis det var å koma tilbake til Noreg etter å budd i utlandet i mange år. Vi kåra bærumsordet som blei Lavkarbokommunen og selde språklappar. Det var eit forferdeleg regnver så oppmøtet blei ikkje slik vi hadde vona.

Den europeiske språkdagen:

Bærum Mållag markerte den europeiske språkdagen 26. september med eit arrangement på foajescena på Bærum kulturhus. Målgruppa vår denne gongen var elevar og lærarar på vidaregåande skular i Bærum. Elevar frå Sandvika vidaregåande skule hadde laga ei utstilling om språk som stod der.

Spelemann og dansar frå gruppa Frikar opna med musikk og spenstig dans. Etterpå var det språkdebatt der leiar av Språkrådet Arnfinn Muruvik Vonen, Pål Styrk Hansen frå Stabekk vidaregåande skule, Vebjørn Sture frå Norsk Målungdom og Trine Østlund Blime frå Unge Høgre diskuterte friskt. Leiar av Noregs Mållag Håvard B. Øvregård leidde arrangementet og var ordstyrar. Forfattarane Aina Basso og Lars Mæhle las frå bøkene sine og svara på spørsmål frå møtelyden.

Liv Marie Schou frå St. Hallvard vidaregåande skule heldt så eit foredrag om Facebook brukt i sidemålsundervisninga. Arrangementet blei til i samarbeid med Asker og Bærum Målungdom, Språkrådet, Fondet for dansk-norsk samarbeid og Bærum kommune.

Nettsidene:

John Sundsby har ansvaret for nettsidene våre på <http://baerum.nynorsk.no/> . Han oppdaterer dei med jamne mellomrom og legg ut nytt om mållaget, arrangement og liknande.

Økonomi:

Laget har 5192 kr. Disponibelt pr 1. januar 2012. Revidert rekneskap er lagt ved årsmeldinga Lokal kontingent for 2011 var kr 100,-

Utsendingar:

Marit Hovdenak var laget sin utsending til årsmøtet i Noregs Mållag i Suldal .